

## Arbeidsprogram for Nord-Aurdal Mållag i arbeidsåret 2019–2020

### Målpolitisk arbeid

Nord-Aurdal Mållag skal:

- vurdere å gi ut «Den mellomstore hytteboka» av Olav Norheim, musegutbok nr. 2 og ein dialektgrammatikk for Valdres, og elles halde fram arbeidet med helsingkort, og dessutan marknadsføre og selja korta og dei åtte bøkene me har gitt ut,
- tilby besøk i barnehagane i Nord-Aurdal også i året som kjem,
- støtte eventuelle tiltak for nynorsk parallellklasse på Fagernes,
- gi abonnement på Norsk Barneblad til barneskulane i kommunen og Framtida Junior til ungdomsskulen,
- ha utsendingar på årsmøtet i Valdres Mållag.

### Møteverksemd og samarbeid med andre

Nord-Aurdal Mållag skal:

- arrangere kronikk-konkurransse i samarbeid med avisa Valdres,
- ha bokdag i november 2019 i samarbeid med Nord-Aurdal folkebibliotek, Fagernes Libris og Valdresmusea,
- ha eit arrangement saman med Vestre Slidre Mållag, t.d. kvisskveld,
- arrangere «I kveldsetun» (songkveld) minst ein gong i arbeidsåret,
- samarbeide aktivt med Valdres Mållag og vera med som pådrivar i det regionale arbeidet for valdresdialekt og nynorsk.

### Pressearbeid

Nord-Aurdal Mållag skal:

- kunngjera arrangementa våre gjennom aviser og sosiale medium,
- oppdatere og marknadsføre den nye nettsida for forlagsverksemda vår, kvitvella.no,
- Bruke Facebook-sida vår og nettsida [www.nm.no/lag/nord-aurdal/](http://www.nm.no/lag/nord-aurdal/) til å informere om arbeidet vårt.

### Medlemsverving og lagsbygging

Nord-Aurdal Mållag skal:

- følgje opp medlemene våre gjennom brev, e-post og nettside,
- verve nye medlemmer, med målsetjing å koma opp til 110 i 2019, og gje dei *Reint som gull* i velkomstgåve,
- arbeide for å styrkje økonomien – mellom anna ved å følgje opp kort- og boksalet, og søkje ulike instansar om støtte.